

Innst. S. nr. 52.

(1998-99)

Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om endringar på statsbudsjettet for 1998 under kapitler administrert av Miljøverndepartementet.

St.prp. nr. 11 (1998-99).

Til Stortinget.

Miljøverndepartementet gjer i proposisjonen framlegg om endringar i budsjettet for 1998 som gjeld:

Kap. 1400 Miljøverndepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 3,84 mill. kroner mot likeins auke på kap. 1465 post 21.

Kap. 1406 Miljøvernavdelingane ved fylkesmannsembeta

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 1,281 mill. kroner.

Kap. 1410 Miljøvernforskning

Post 50 Basisløyvingar og andre tilskott til miljøinstitutta

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 1 mill. kroner for å dekkje framlegg om auka utgifter på andre postar.

Kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning

Post 33 Statlege erverv, barskogvern, kan overførast

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 67 Lokal Agenda 21 tilskott til Aksjon vannmiljø

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner for å dekkje framlegg om auka utgifter på andre postar.

Post 73 Erstatningar og førebyggjande tiltak mot rovviltskader

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

Kap. 1441 Statens forureiningstilsyn

Post 39 Ryddingstiltak

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner.

Post 61 Tilskott til kommunale tiltak for avfall og spesialavfall

Ordninga er avvikla i statsbudsjettet for 1998, og resterande beløp er ført over frå 1997. Departementet legg til grunn at 3,5 mill. kroner av midlane som er ført over til 1998 ikkje blir nytta.

Post 64 Aksjon Jærvassdrag

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Post 70 Tilskott til utvikling av miljøteknologi i næringslivet

Ordninga er avvikla i statsbudsjettet for 1998 og resterande beløp er ført over frå 1997. Det vert lagt til grunn at 0,6 mill. kroner av det overførte beløp ikkje blir nytta.

Kap. 1442 Vannmiljø-, avfalls- og spesialavfallstiltak

Post 01 Driftsutgifter

Kap. 4442 Vannmiljø-, avfalls- og spesialavfallstiltak

Post 01 Ymse inntekter (ny post)

Det blir gjort framlegg om å auke utgiftsløyvinga under kap. 1442 post 01 og nyoppretta kap. 4442 post 01 med 3,934 mill. kroner, som er stilt til disposisjon for gruppa «Reinare teknologi» under Nordisk Ministerråd.

Kap. 1442 Vannmiljø-, avfalls- og spesialavfallstiltak

Post 70 Tilskott til kompetanseformidling og informasjon om miljøvenleg produksjon og forbruk

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 7 mill. kroner.

Post 73 Verkeleggjering av garantiansvar for miljøvern lån

Ordninga med å gi statlege garantiar for miljøvern lån vart avvika frå og med 1997. Departementet har fullmakt til å oppretthalde tidlegare gjevne garantiar for miljøvern lån i Statens distrikts- og utviklingsfond og private bankar innanfor ei samla ramme på om lag 603 mill. kroner ved utgangen av 1997.

Det er ikkje avsett løyving til å dekkje dei tapa som oppstår på denne typen garantiar. Departementet har likevel fullmakt til å utgiftsføre utan løyving dei tapa som staten er juridisk forplikta til å dekkje, jf. St.prp. nr. 1 (1997-98). Føresetnaden er at ein så snart det er mogeleg gjer framlegg for Stortinget om løyving til å dekkje tapa. I tråd med dette blir det gjort framlegg om løyving i ettertid for utgiftsført beløp i perioden 01.01.98 t.o.m. 31.10.98, som utgjer 22,732 mill. kroner.

Kap. 1443 Miljøovervaking og akutt ureining

Post 45 Kjøp av større utstyr og vedlikehald

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 3,5 mill. kroner.

Post 60 Tilskott til kommunale beredskapstiltak

Ordninga er avvika i statsbudsjettet for 1998, og resterande beløp er ført over frå 1997. 0,9 mill. kroner av det overførte beløpet blir ikkje nytta.

Kap. 1449 Refusjonsordningar for spesialavfall - bilvrak og spillolje

Post 76 Refusjon av smøreoljeavgifta

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 4 mill. kroner.

Kap. 1463 Regional og lokal planlegging

Post 63 Lokal Agenda 21, utvikling av miljøbyar

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 1 mill. kroner, og å redusere tilsegnfullmakta med 3 mill. kroner.

Post 72 Tilskott til kartlegging av rasutsette fareområder

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 0,5 mill. kroner.

Post 74 Lokal Agenda 21 Tilskott til tiltak i regi av organisasjonane

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Kap. 1465 Statens kjøp av tenester i Statens Kartverk

Post 21 Betaling for statsoppdraget

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 3,84 mill. kroner mot likeins reduksjon av løyvinga på kap. 1400 post 01.

Kap. 2465 Statens kartverk

Post 45 Kjøp av utstyr, samt vedlikehald, kan overførast

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner.

Kap. 1470 Internasjonalt samarbeid, tiltak for luftmiljø og polarforvaltning

Post 71 Internasjonale organisasjonar

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 1,403 mill. kroner.

Kap. 1471 Norsk Polarinstittutt

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

Kap. 4410 Miljøvernforskning

Post 50 Tilskott frå diverse fond

Kap. 4425 Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond

Departementet viser til at inntektene til Statens fiskefond no blir kalkulert til ca. 29,3 mill. kroner, som svarer til den samla refusjonen som kan inntektsførast på dei to aktuelle postane. Det er budsjettert med ein samla refusjon på 32,314 mill. kroner, dvs. ei inntektssvikt på omlag 3 mill. kroner. Dette fører til for lite inntekter i Statens fiskefond i 1998 til å dekkje refusjonskravet på 2,268 mill. kroner under kap. 4410 post 50, og det vil bli ei mindreinntekt på om lag 0,132 mill. kroner på kap. 4425 post 52. Det blir gjort framlegg om å redusere løyvingane i samsvar med dette.

Kap. 4449 Refusjonsordningar for spesialavfall - bilvrak og spillolje

Post 08 Inntekter frå sal av bilvrak

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Komiteens merknader

Komiteens flertall, medlemmene fra Fremskrittspartiet, Øyvind Korsberg og Øyvind Vaksdal, fra Kristelig Folkeparti, Bror Yngve Rahm og Lars Rise, fra Høyre, Jan Johnsen og Jan Tore Sanner, fra Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, fra Senterpartiet, John Dale og fra Venstre, Gunnar Kvasheim, viser til at kuttet på 2,0 mill. kroner til Aksjon Jærvassdrag

henger sammen med at det i en periode har vært problemer med å få den ønskede framdrift i aksjonen. Resten av den avsatte bevilgningen på 5 millioner kroner på 1998-budsjettet er nå brukt til godkjente prosjekter i henhold til den vedtatte handlingsplanen, og det er betydelig vilje lokalt til å bidra til at aksjonen kan gjennomføres som forutsatt. I den forbindelse vises det til at Aksjon Jærvassdrag er oppført med 3,462 mill. kroner i budsjettet for 1999.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Olav Akselsen, Aud Blattmann,

Gunn Karin Gjøl, Bent Hegna, Torny Pedersen og lederen Jens Stoltenberg, viser til merknadene i budsjettinnstillingen for 1998 om Jærvassdraget. Disse medlemmer mener at det ikke ligger til komiteen å vurdere ulike prosjekter opp imot hverandre, men at dette må avgjøres i departementet. Disse medlemmer viser også til brev til komiteen fra Miljøverndepartementet ved miljøvernministeren av 6.11.98, der det gjøres oppmerksom på at det dersom ordningen legges ned, kan «søkes finansiering under andre eksisterende tilskuddsordninger».

Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader til de foreslåtte endringa, viser til proposisjonen, og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak :

I.

På statsbudsjettet for 1998 vert det gjort følgende endringar:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
Utgifter:			
1400		Miljøverndepartementet (jf. kap. 4400)	
	01	Driftsutgifter, vert r e d u s e r t med	3 840 000
1406		Miljøvernavdelingane ved fylkesmannsembeta (jf. kap. 4406)	
	01	Driftsutgifter, vert a u k a med	1 281 000
1410		Miljøvernforskning (jf. kap. 4410)	
	50	Basisløyvingar og andre tilskott til miljøinstitutta, vert r e d u s e r t med	1 000 000
1427		Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 4427)	
	33	Statleg erverv, barskogvern, vert r e d u s e r t med	10 000 000
	67	Lokal Agenda 21, tilskott til Aksjon Vanmiljø, vert r e d u s e r t med	2 000 000
	73	Erstatningar og førebyggjande tiltak mot rovviltskadar, kan overførast, vert a u k a med	5 000 000
1441		Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 4441)	
	39	Ryddingstiltak, vert a u k a med	2 500 000
	64	Aksjon Jærvassdraget, vert r e d u s e r t med	2 000 000
1442		Vanmiljø-, avfalls- og spesialavfallstiltak	
	01	Driftsutgifter, vert a u k a med	3 934 000
	70	Tilskott til kompetanseformidling og informasjon om miljøvenleg produksjon og forbruk, vert a u k a med	7 000 000
	73	Verkeleggjing av garantiansvar for miljøvernlån, vert a u k a med	22 732 000
1443		Miljøovervaking og akutt ureining	
	45	Kjøp av større utstyr og vedlikehald, vert r e d u s e r t med	3 500 000
1449		Refusjonsordningar for spesialavfall - bilvrak og spillolje (jf. kap. 4449)	
	76	Refusjon av smøreoljeavgifta, vert r e d u s e r t med	4 000 000
1463		Regional og lokal planlegging (jf. kap. 4463)	
	63	Lokal agenda 21, utvikling av miljøbyer, kan overførast, vert r e d u s e r t med	1 000 000
	72	Tilskott til kartlegging av rasutsette fareområder, vert r e d u s e r t med	500 000
	74	Lokal Agenda 21 Tilskott til tiltak i regi av organisasjonar, vert b e v i l g a med	10 000 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1465	21	Statens kjøp av tenester i Statens Kartverk Betaling for statsoppdrag, vert a u k a med	3 840 000
2465	45	Statens kartverk (jf. kap. 5491 og 5603) Kjøp av utstyr, samt vedlikehold, <i>kan overføres</i> , vert r e d u s e r t med	1 500 000
1470	71	Internasjonalt samarbeid, tiltak for luftmiljø og polarforvaltning (jf. kap. 4470) Internasjonale organisasjoner, vert a u k a med	1 403 000
1471	01	Norsk Polarinstitut (jf. kap. 4471) Driftsutgifter, vert a u k a med	2 000 000
Inntekter:			
4410	50	Miljøvernforskning (jf. kap. 1410) Tilskott frå diverse fond, vert r e d u s e r t med	2 868 000
4425	52	Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond (jf. kap. 1425) Statens fiskefond, vert r e d u s e r t med	132 000
4442	01	Vannmiljø-, avfalls- og spesialavfallstiltak (jf. kap. 1442) Ymse inntekter, vert b e v i l g a med	3 934 000
(NY) 4449	08	Refusjonsordningar for spesialavfall, bilvrak og spillolje (jf. kap. 1449) Inntekter frå sal av bilvrak, vert r e d u s e r t med	2 000 000

II.

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at ramma for tilsegn utover løyvinga for 1998 blir redusert med 3,0 mill. kroner frå kroner 11p000p000 til kroner 8p000p000 under kap. 1463 post 63 Lokal Agenda 21, utvikling av miljøbyer.

Oslo, i energi- og miljøkomiteen, den 2. desember 1998.

Jens Stoltenberg,
leder og ordfører.

Aud Blattmann,
sekretær.